



## Statens vegvesen

Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE  
– Hovedkontor  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 OSLO

Behandlende enhet: Region vest	Saksbehandler/telefon: Janne Ølmheim / 48024186	Vår referanse: 16/30151-2	Deres referanse: 201502028-44	Vår dato: 17.04.2016
-----------------------------------	--	------------------------------	----------------------------------	-------------------------

### Uttale – 132 kV kraftledning Dalsbotnfjellet vindkraftverk – Frøyset transformatorstasjon – Høring av tilleggsøknad

Vi viser til e-post datert 23. februar 2016 gjeldande høring av tilleggsøknad – 132 kV kraftledning Dalsbotnfjellet – vindkraftverk – Frøyset transformatorstasjon.

#### Generelt

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetjing er å leggje til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

#### Vår merknad

I dykkar brev står mellom anna følgjande: *Zephyr søker òg om oreigningsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport.*

Vi vil gjere merksam på at de må søkje oss direkte når tiltak på og/eller ved riks- og/eller fylkesvegar. Under kjem informasjon om tilhøve der de må søkje oss direkte.

#### Nærføring av kablar

Etter veglova § 32 og § 57 skal ingen føre kablar, leidningar eller anna utstyr over-, under-, langs- eller nærare offentlig vei enn 3 meter frå vegkant utan løyve. Søknad om løyve til slike tiltak over, under eller langs riks- og fylkesveg skal i kvart høve sendast til Statens vegvesen.

#### Byggjegrænse til veg

Byggjegrænse fastsett i reguleringsplan gjeld for alle byggverk som til dømes transformatorstasjonar, massedeponi, riggområder og oppstillingsplassar med vidare. Der

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

det ikkje fins reguleringsplan gjelder Rammeplanen for avkøyrslar og byggjegranser på riks og fylkesvegar i Region vest, sjå vedlegg. For tiltak innafor byggjegransje til veg som ikkje er fastsett i reguleringsplan, må det søkast om dispensasjon frå Statens vegvesen, søknadsskjema finn de på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) – skjemaer – søknad om avkjørsel eller dispensasjon frå byggegrense.

### **Avkøyrslar**

Der det vert behov for ny vegtilkomst langs riks- og fylkesvegar som ikkje er vist i reguleringsplan, utvida bruk av eksisterande avkøyrslar eller mellombels avkøyrslar, må det søkjast Statens vegvesen. Avkøyrslar må utformast i samsvar med handbok N100 Veg- og gateutforming og handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss, desse finn de på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) – fag – handbøker.

### **Spesialtransport**

Når store og tunge konstruksjonar skal transporterast må det søkast om eige løyve, søknadsskjema ligg på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) – veglister/dispensasjoner – søknad om dispensasjon for spesialtransport.

Plan- og forvaltningsseksjonen  
Med hilsen

Mari Hage Basberg  
seksjonsleiar

Ølmheim Janne

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen hånnskrevne signaturer.*